

Fra: Trond Sæbø Skarpeteig (Trond.Saebø.Skarpeteig@solund.kommune.no)

Sendt: 29.04.2021 13:03:52

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi: Øystein Hunvik; Gunn Åmdal Mongstad; Erik Askeland

Emne: Svar frå Solund kommune på høyring godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll

Vedlegg: Høyring godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll(167297) .pdf;Innspel frå næringsliv om godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll .docx

Vestland fylkeskommune
Mobilitet og kollektivtransport MOK - Strategi og eigarstyring

Dykkar referanse 2021/17206-1

Uttale om godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll

Viser til brev datert 08.04.2021 om høyring om godsbåttilbodet etter 1.05.2022. Solund kommune har informert breitt i kommunen om saka og samla inn innspel frå næringsdrivande og grunneigarar om behov og korleis dei ulike alternativa som fylkeskommunen skisserer løyser behova.

Solund kommune ber fylkeskommunen om å ta omsyn til Solund, Askvoll, Gulen og Hyllestad sin unike geografi i denne saka. Solund er ein rein øykommune med busetnad på om lag 15 øyer og veglause stader. Med bil/ferge er reisetid til Bergen/Førde tre timar + ekstra reisetid til øyene og ein time ekstra til Ytre Solund.

Kommunikasjon med båt har alltid og vil framleis vere heilt vesentleg, både når det gjeld transport av passasjerar og gods. Det har tidlegare vore vurdert ei samfunnsbåtløysing der ein kombinerer gods og passasjerar. Dette gjekk ein den gongen bort frå då det ville krevje større båttype og dette ville endre rutesystemet og kommunikasjon med dei regionale passasjer-rutene på ein slik måte at det ikkje var aktuelt å innføre.

Det er eit samla næringsliv i Solund som er tydeleg på at ei vidareføring av dagens godsbåtløysing er avgjerande, men at ein kan betre ordninga ved å få til betre kommunikasjon med transportørar på land, slik ein no er i gang med.

Vedlagt finn dykk også alle skriftlege innspel i saka. I tillegg er det gjennomført eit innspelsmøte der det kom fram mange opplysningar i saka.

Her er Solund kommune sine vurderingar:

1. Alternativ i. kan ikkje vurderast. Det er heilt avgjerande for øykommunen Solund å ha eit frekvent godsbåttilbod for store kolli. Solund kommune oppmodar difor om at saka blir utgreidd vidare utan alternativ i.
2. Økonomisk avhengige: Fleire store verksemder både i Solund, Askvoll og Gulen melder om at dei er avhengige av stabil og frekvent kommunikasjon med godsbåt.
3. Trafikktryggleik: Solund har smale og dårlege vegar i kommunen, og saman med tunnelhøgde på 4 meter i to tunnelar ved Eilund (fv. 606) hindrar dette større leveransar av gods på veg. Det er heller ikkje omkøyringsmoglegheiter ved trafikkuhell. At godsbåten avlastar vegane for store godsbilar er trafikktryggleik i praksis.
4. Frekvens er viktig økonomisk for store og små næringsdrivande: Godstilbodet i Noreg er under utvikling. Nye forbruksmønster aukar kravet til rask levering (frå kjøll til hjul, og omvendt). Det er difor viktig for våre store næringsverksemder at godsbåten leverer minst annankvar dag.
5. Forlenging til Florø: Ei forlenging av ruta nord til Florø vil kunna gje knutepunkt for gods i begge endar. Dette vil dekkja behov som fleire har (Lågøy slipp, Solund verft).

6. Auka løftekapasitet: Fleire av verksemdene melder om behov for auka løftekapasitet på godsbåten. Ein løftekapasitet på 5-6 tonn vil auka godsmengda med båt (Selstad Solund, Solund verft).
7. Heilskapleg tilbod: Vi ber fylkeskommunen oppmoda andre gods-aktørar om å samarbeida. God frekvens og kombinasjon kjøll og hjul er viktigare enn nokon gong. Vi kan utnytta styrken i desse to ulike transportmåtene.
8. Terminal Hardbakke: Samhandling kjøll og hjul er avgjerande lokalt. Godsbåten større kolli til mange næringsdrivande, og dette må vidare på hjul frå Hardbakke. Samstundes trengs det godsbåt med kapasitet til store laster til øyane – Nautøy, Buskøy, Færøy, Saltskår og Husøy.

Meir om korleis dei ulike alternativa løyser behova:

Alternativ i. VLFK tek ikkje ansvar for godstransport til stadar utan veg ut over det godset som kan fraktast med passasjerbåt til stader der ein har dette som tilbod.

- Passasjerbåtane kan ikkje frakta den typen kolli som mange av verksemdene i Solund er avhengige av. Dette er ikkje eit realistisk alternativ. Dette alternativet kan bety kroken på døra for fleire verksemdar i Solund.
- Det vil i praksis gjera det svært vanskeleg å oppretthalda busetnad på øyane.
- Alternativet bør ikkje vurderast.

Alternativ ii. VLFK vidarefører ordning tilsvarande dagens ordning

- Dagens ordning med godsbåt tre gongar i veka bør vidareførast og utviklast.
- Godsbåten trengs til store kolli og farleg gods. Solund Verft fraktar td. 200 tonn i året med godsbåten, mykje av dette er ukurant og farleg og kan ikkje gå på bil.
- Dagens tilbod (eller eit betre tilbod) er viktig for Sulefisk AS. Sulefisk understrekar verdien av fleksibilitet på leveringsstad, kapasitet til å frakta farleg gods, og høg rutefrekvens. Det kostar å venta. Dersom me vil ha busetnad og næringsaktivitet her må vi ikkje byggja ned, men jobba for å få eit betre tilbod.
- Selstad Solund får som regel 10-20 tonn levert kvar gong, og det fungerer veldig bra med dagens båt.
- Alternativet må kombinerast med koordinerte godsbilar lokalt og regionalt.
- Auka frekvens: Mange fraktar fisk med godsbåten, særleg frå Bulandet. Fisk er ferskvare, så med ein reduksjon i frekvensen til to dagar i veka så vert fisken inntil 6 dagar gamal før neste tur. Levering av levera levande krabbe frå Askvoll må også gå med båt - ingen vil ha det på bil pga. sjøvatn.

Alternativ iii. VLFK etablerer lokalt godsrutetilbod i området dvs. hovudsakleg Solund

- Ein lokal godsbåt løyser ikkje behovet for å få frakta store kolli gods til og frå Bergen, som jo er ein stor del av volumet og verdien (gjeld fleire inkludert Lågøy slipp, Solund verft, og Sulefisk).
- Mange verksemdar leverer fersk fisk og krabbe med godsbåten til Bøvågen, og kombinasjonen lokal godsbåt og bil er ikkje eit alternativ.
- Dette alternativet blir vurdert som for kostbart.
- Alternativet må kombinerast med koordinerte godsbilar lokalt og regionalt, og godsbåt til Bergen.

Vi takkar så mykje for høvet til å koma med innspel tidleg i prosessen!

Hardbakke 29. april 2021
For Solund kommune

Gunn Åmdal Mongstad /s/
Ordfører

-
Venleg helsing

> **Trond Sæbø Skarpeteig**

Leiar samfunns- og næringsutvikling

Adresse: Solund kommune, 6924 Hardbakke

Telefon: 90058182

Heimeside: www.solund.kommune.no

Saksnummer: 21/216

Denne e-post med eventuelle vedlegg er meint for den institusjon eller person den er retta til og kan innehalde lovbestemt teieplikt. Om e-posten er feilsendt, ver vennleg å slette den og kontakt avsendar. Solund kommune er ikkje ansvarleg for direkte eller indirekte tap som følge av denne e-posten, av dette som følge av virus eller datafeil.

Adresse

Hardbakke 26, 6824
Hardbakke
Sentralbord: +47 57 78 62 00

Epost /Web

post@solund.kommune.no
www.solund.kommune.no

Fra: Vestland fylkeskommune

Sendt: 13. april 2021 00:00

Til: Trond Sæbø Skarpeteig

Kopi: Gunn Åmdal Mongstad;

Tittel: Høyring godsbat Bergen - Gulen, Solund og Askvoll

Se vedlegg: Høyring godsbat Bergen - Gulen, Solund og Askvoll